

Saksnr: 2019/83-1
Saksbehandlar: Øivind Høines

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		28.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Endra selskapsavtale for Vigo IKS**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek revidert selskapsavtale for Vigo IKS

Samandrag

Vigo IKS er eigd av fylkeskommunane og Oslo kommune. Gjennom Vigo IKS samarbeider eigarfylka mellom anna kring innkjøp, utvikling og drift av felles sentrale IKT system for sektoren.

Grunna regionsreforma er det naudsynt at eigarane gjer like vedtak om å slutte seg til revidert selskapsavtale.

I den reviderte selskapsavtalen endrar ein talet på eigarar frå 18 til 11. Selskapet sitt føremål har fått endra framstilling i tråd med dei oppgåvene Vigo IKS har i dag. Kostnadsmodellen er endra. Før vart 80% av kostnadene fordelt likt mellom eigarane, medan 20% vart berekna etter eigarfylket sitt elevtal. I den nye selskapsavtalen vert 70% av kostnadene fordelt likt, medan 30% vert fordelt etter elevtal.

Etter Lov om interkommunale selskap §4 må selskapsavtalen vedtakast på nytt av eigarskapen ved endring i tal på eigarar og føremål. Forslag til ny selskapsavtale, og KS sine kommentarar til endringane vert presentert i denne saka.

Eigarfylka skal oppnemnde representant og vararepresentantar til Vigo IKS sitt representantskap. Eiga sak om dette vert lagt fram for fylkestinget gjennom valnemnda.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bjørn Lyngedal
påtroppande fylkesdirektør for
avdeling opplæring og kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har avgjerdsmynde i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Kostnadsfordelingsmodellen er endra.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vedlegg:

Selskapsavtale Vigo IKS 2019

Kommentarar til endringar i nye selskapsavtale for Vigo IKS